

Justis- og beredskapsdepartementet
Gullhaug Torg 4A
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo



Samarbeidsforum i Sunnfjord

Førde 12.08.2013

Høringsuttale «NOU 2013:5 Når det virkelig gjelder... Effektiv organisering av statlige forsterkingsressurser.»

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS) er eit politisk samarbeidsråd mellom kommunane Flora, Naustdal, Gaular Førde og Jølster. Formålet i SiS er å løyse og stå samla om viktige og strategiske saker i regionen. SiS vil med dette gje uttale til NOU 2013:5.

Sivilforsvaret i Sogn og Fjordane er i dag organisert med Sivilforsvarsdistrikt med kontor i Sogndal, som dekkjer Sogn og Fjordane fylke, samt Vanylven kommune i Møre og Romsdal. Det er sivilforsvarsavdelingar i Aurland, Askvoll, Nordfjordeid, Florø, Førde, Høyanger, Sogndal, samt Vågsøy (FIG P underavdeling Nordfjordeid) og Årdal (FIG P underavdeling Aurland).

Sunnfjord er del av Møre og Fjordane HV-11, med distriktshovudkvarter på Setnesmoen i Åndalsnes i Møre og Romsdal. Tidlegare var Sogn og Fjordane eige HV-distrikt HV-10, med hovudkvarter på Skei i Jølster. HV-10 vart vedteke nedlagt av Stortinget i 2004.

Utvalet rår i hovudsak til følgjande:

- Omorganisering av Sivilforsvaret til Statens beredskapsstyrke, med auka fokus på beredskap og førebygging i fredstid
- Framhald av dagens organisering av Heimevernet, med presisering av forenkla utkalling av Heimevernet og tydelegare rolle i samfunnstryggleik
- Avvikling av politireserven

SiS sluttar seg i hovudsak til tilrådingane frå utvalet. SiS vil understreke at det er særskild viktig at staten opprettheld beredskap i Sunnfjord, både gjennom Sivilforsvaret/statens beredskapsstyrke og Heimevernet. Kommunane i SiS har godt fungerande beredskapsorganisasjonar og samarbeider med naudetatane, frivillige organisasjonar og helseføretak om beredskap. Kommunane har likevel avgrensa ressursar i beredskapssituasjonar, og er avhengig av hjelp frå staten ved større katastrofar eller ulukker. Dette vart sist synleggjort under uveret Dagmar i romjula 2011.

SiS vil gje følgjande presiseringar:

- Det er viktig at Statens beredskapsstyrke vert sett i stand til å utføre dei samfunnsoppdrag utvalet legg fram. Naudsynt kompetanseheving og investering må

gjennomførast dersom Statens beredskapsstyrke skal vere ein effektiv hjelp for kommunane ved kriser og store ulukker.

- Statens beredskapsstyrke må ha ein klart desentralisert operativ struktur, med høg mobilitet. For effektiv innsats ved kriser, er det avgjerande med god lokalkunnskap i tillegg til kompetanse og utstyr. Infrastrukturen i Sogn og Fjordane er sårbar med rasutsette vegar og mange ferjesamband.
- Statens beredskapsstyrke må ha ein klar, tydeleg og tilgjengeleg operativ leiing. Den sentrale leiing er foreslått lagt til DSB, og det er drøfta om den sentrale leiing kan lokaliserast utanfor DSB sine lokale. SiS meiner det bør vurderast å leggje sentral leiing anna stad enn i DSB sine lokale.
- Distriktsgrenser for Statens beredskapsstyrke må samanfalle med fylkesgrenser. Utvalet legg fram forslag om at Statens beredskapsstyrke vert organisert etter fylkesgrenser, men opnar for at dette må vurderast samanheng med evt. endring av politiet sine distriktsgrenser. Dette er ikkje akseptabelt.

SiS er særleg bekymra for den sentraliseringsprosess som blir gjennomført eller er ønskt gjennomført i alle statlege beredskapsorganisasjonar. DSB har vedteke sentralisering av nøddalarmeringsregion for brann med nedlegging av Alarmsentralen i Sogn og Fjordane. Samstundes er tal politidistrikt foreslått redusert frå 27 til 6 gjennom «NOU2013:9 Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer». Dersom desse tiltaka vert gjennomført, og Statens beredskapsstyrke på sikt følgjer same distriktsgrenser, vil Sogn og fjordane stå utan administrative einingar for statleg beredskap. Vi vil understreke at omsynet til spreidd busetnad og sårbar infrastruktur må vege like tungt som omsynet til «robust storleik».

Prinsipp for krisehandtering er:

- Ansvarsprinsippet
- Likskapsprinsippet
- Nærleiksprinsippet
- Samvirkeprinsippet

For at det skal vere mogeleg for kommunane og andre aktørar i krisehandtering å følgje prinsippa for krisehandtering er det naudsynt å ha statlege beredskapsressursar nær eigen kommune. Fylkesmannen sitt samordningsansvar for samfunnstryggleik og beredskap vil og bli skadelidande dersom nærleiken til statlege beredskapsressursar vert auke. Etter vår vurdering vil det vere særskilt viktig med nærleik til statlege beredskapsressursar og kompetanse i høve førebygging og planlegging.

Håkon Myrvang /s/
Ordførar Naustdal kommune
Leiar i SIS

Mathias Råheim /s/
Ordførar Gaular kommune

Olve Grotle /s/
Ordførar Førde kommune

Bengt Solheim Olsen /s/
Ordførar Flora kommune

Oddmund Klakegg /s/
Ordførar Jølster kommune